



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Rådhuset kommunestyresalen
Dato:	18.06.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 14:30

Faste medlemmer som møtte:	Parti
Birgitta Hagen Kyrkjebø	AP
Frode Merkesvik	AP
Hege Rusti	AP
Kristin S. Råsberg	AP
Monica Oppedal	AP
Petter Sortland	AP
Wenche Kristin Røkenes	AP
Are Sæbø Øvreås	H
Hroar Holm Carlsen	H
Einar Rysjedal	Raudt
Hedda Andrine Skår Indrebø	Raudt
Aina Brendsdal Forthun	SP
Geir Helge Østerbø	SP
Jonas Haugsbø	SP
Kristin Myren	SP
Heidi Marie Skaar Beinnes	SV
Leif Arne Fureli	UAVH

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Øyvind Fjelde	AP	Stine Tufte	AP
Mathias Raknerud Hatlestad	Raudt	Ingunn Kandal	Raudt
Dag Sture Fjeldsbø	UAVH	Lill Karin Stålnacke	UAVH
Jan Erik Dregelid	UAVH	Karstein M. Larsen	VIpartiet

Frå administrasjonen møtte:	
Arnvid Hovland	Fung. Kommunedirektør
Jorunn Flæthe	Sekretær

Underskrifter:

Petter Sortland

Kristin Sagerøy Råsberg

Hroar Holm Carlsen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
041/26	Referatsaker og meldingar	
042/26	Kommunedirektøren si orientering	
043/26	Vedtak - Plan for barnehage- og skulestruktur for Høyanger kommune 2026-2031	
044/26	Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium	
045/26	Omstillingsrutine for Høyanger kommune	
046/26	Overordna rekruttering og kompetanseplan for Høyanger kommune	
047/26	Flaggreglement for Høyanger kommune	
048/26	Fullmakt til signering av intensjonsavtale med Hjetlandsbakkane burettslag og mandat til kjøp av private andelar	
049/26	Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger sentrum	
050/26	Omklassifisering av vegar i Høyanger kommune	
051/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025	
052/26	Rapport 1.tertial 2026	
053/26	Vedtak planprogram 2026-2029	
054/26	Høyringssvar - Framlegg til endring i vallova, krinsvis opptelling av førehandsstemmer	

041/26: Referatsaker og meldingar

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Referatsaker

Referatsaker som låg føre vart referert.

Kulturskulen underheldt

Kulturskulen v/Paula Kucika og Jason Burn underheldt etter lunsj.

KS- 041/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar referatsaker/meldingar til orientering.

042/26: Kommunedirektøren si orientering

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Det vart orientert om følgende saker:

- Høyringsforslag for marint vern av Sognefjorden v/Statsforvaltaren i Vestland, Marie Knagenhjelm og Aslaug Aalen

Fung. kommunedirektør, Arnvid Hovland, orienterte om desse sakene:

- Pågåande investeringsprosjekt - status:
 - Byporten v/einingleiar bygg og eigedom Steffen Luggenes
 - Sentralidrettsanlegget v/prosjektleiar Jaran Vefring og IL Høyang v/leiar Reidar Grønli
 - Bustader for menneske med nedsett funksjonsevne v/prosjektleiar Jaran Vefring
- Drikkevatnet Kyrkjebø v/kommuneoverlege Mie Lin Bastholm og kommunalsjef helse og omsorg Bente Nesse.
Einingsleiar kommunalteknisk drift, Geir Øyvind Hovlandsdal, informerte om strakstiltak: Det blir innført drikkeforbod og oppfølging av faste målingar og gjennomgang av rutinar. Det blir lagt ut info på heimesida og direkte til dei det gjeld.
- Status omtaksering av eigedomsskatt v/økonomisjef Kristian Ølmheim
- Forstudie beredskap v/prosjektleiar Sonja Myrekrok

Presentasjon av orienteringssakene bli lagt til som vedlegg i saka, etter møtet.

KS- 042/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar orienteringssakene til vitende.

043/26: Vedtak - Plan for barnehage- og skulestruktur for Høyanger kommune 2026-2031

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek Plan for barnehage- og skulestruktur for Høyanger kommune 2026-2031, slik den ligg føre.

Utval for oppvekst 04.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke.

OP- 014/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek plan for barnehage- og skulestruktur for Høyanger kommune 2026-2031, slik den ligg føre.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå utval for oppvekst: Samrøystes vedteke med følgande tillegg:

Planen blir oppdatert i samsvar med vedtak gjort i møte 26.02.2026. Oppdatert plan blir lagt som referatsak ved seinare møte.

KS- 043/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek plan for barnehage- og skulestruktur for Høyanger kommune 2026-2031, slik den ligg føre og med følgande tillegg:

Planen blir oppdatert i samsvar med vedtak gjort i møte 26.02.2026. Oppdatert plan blir lagt som referatsak ved seinare møte.

044/26: Prosjektmidler kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek tildelingskriterium for prosjektmidler kultur og folkehelse slik dei ligg føre, per 18 juni 2026.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar kultur og mangfald, Jeanette W.F. Walsvik, orienterte om saka.

Øyvind Fjelde (AP) sette fram følgande endringsframlegg:

Pkt 5 Krav til søknad, fjerne kulepunkt: Opplysning om organisasjonen sin økonomiske situasjon, inkludert disponible midlar på søknadstidspunkt

Avrøysting:

Det vart røysta alternativt over kommunedirektøren si tilråding og framlegg frå Fjelde:

Kommunedirektøren si tilråding: 2 røyster (H, SV)

Framlegg frå Fjelde: 3 røyster

SF- 011/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek tildelingskriterium for prosjektmidler kultur og folkehelse slik dei ligg føre, med følgande endring:

- Pkt 5 Krav til søknad, fjerne kulepunkt: Opplysning om organisasjonen sin økonomiske situasjon, inkludert disponible midlar på søknadstidspunkt

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Kristin Myren (SP) la fram følgande endringsframlegg:

Pkt 5 Krav til søknad, også fjerne kulepunkt: Siste godkjende årsmelding og rekneskap

Avrøysting

Det vart først røysta alternativt over kommunedirektøren si tilråding og framlegg frå utval for samfunn:

Framlegg frå Utval for samfunn: Samrøystes vedteke

Det vart så røysta over framlegg frå Myren:

Framlegg frå Myren: Fall med 8 (SP, Fureli, H-ØVreås, VIP, Staalnacke) mot 13 røyster

KS- 044/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek tildelingskriterium for prosjektmidler kultur og folkehelse slik dei ligg føre, med følgande endring:

- Pkt 5 Krav til søknad, fjerne kulepunkt: Opplysning om organisasjonen sin økonomiske situasjon, inkludert disponible midlar på søknadstidspunkt

045/26: Omstillingsrutine for Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek omstillingsrutine for Høyanger kommune slik den føreligg. Partane som har utarbeidd rutinen får til oppgåve å revidere og ajourføre denne.

Partsamansett utval 09.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FA- 006/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek omstillingsrutine for Høyanger kommune slik den føreligg. Partane som har utarbeidd rutinen får til oppgåve å revidere og ajourføre denne.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå partsamansett utval: Samrøystes vedteke

KS- 045/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek omstillingsrutine for Høyanger kommune slik den føreligg. Partane som har utarbeidd rutinen får til oppgåve å revidere og ajourføre denne.

046/26: Overordna rekruttering og kompetanseplan for Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyre vedtek Overordna kompetanse- og rekrutteringsplan 2026–2030 som eit strategisk styringsverktøy for kommunen.

Partsamansett utval 09.06.2026

Behandling:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande framlegg:

Saka blir utsett.

Avrøysting

Framlegg frå Rysjedal: Samrøystes vedteke

FA- 007/26 VEDTAK:

Saka blir utsett.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Fung. kommunedirektør Arnvid Hovland orienterte om at partane treng meir tid til drøftingar og handsaming i medråderettsmøte og ber difor om at saka blir utsett.

Avrøysting

Felles framlegg - Samrøystes vedteke:

Saka blir utsett.

KS- 046/26 VEDTAK:

Saka bli utsett.

047/26: Flaggreglement for Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

- 1) Kommunestyret vedtek flaggreglement for Høyanger kommune slik det ligg føre.
- 2) Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å gjera mindre, ikkje-prinsipielle justeringar i reglementet ved behov

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Endring i pkt. 1.2:

Høyanger kommune skal flagge med samisk flagg ved Samefolkets dag (6. februar) og med FN-flagget på FN-dagen (24. oktober).

Tillegg i pkt. 1.4:

- FN-dagen (24. oktober), flaggast med FN-flagget i ei av flaggstengene

Aina B. Forthun (SP) sette fram følgande endringsframlegg:

Punkt 1.4. Endre til: Flagging med PRIDE-flagget heile juni månad

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Rysjedal: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Forthun: Samrøystes vedteke

FS- 31/26 FRAMLEGG:

1) Kommunestyret vedtek flaggreglement for Høyanger kommune med følgande endringar/tillegg:

-Endring i pkt. 1.2:

Høyanger kommune skal flagge med samisk flagg ved Samefolkets dag (6. februar) og med FN-flagget på FN-dagen (24. oktober).

Tillegg i pkt. 1.4:

- FN-dagen (24. oktober), flaggast med FN-flagget i ei av flaggstengene

Punkt 1.4. Endre til: Flagging med PRIDE-flagget heile juni månad

2) Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å gjera mindre, ikkje-prinsipielle justeringar i reglementet ved behov

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Hedda A. S. Indrebø (R) sette fram følgende tilleggsframlegg:

Prideflagget skal henge der det er flaggstang ved skular, barnehagar og oppvekstsenter i juni måned.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Indrebø: vedteke med 19 mot 2 (H) røyster

KS- 047/26 VEDTAK:

1) Kommunestyret vedtek flaggreglement for Høyanger kommune med følgende endringar/tillegg:

-Endring i pkt. 1.2:

Høyanger kommune skal flagge med samisk flagg ved Samefolkets dag (6. februar) og med FN-flagget på FN-dagen (24. oktober).

Tillegg i pkt. 1.4:

- FN-dagen (24. oktober), flaggast med FN-flagget i ei av flaggstengene

Punkt 1.4. Endre til: Flagging med PRIDE-flagget heile juni måned.

Prideflagget skal henge der det er flaggstang ved skular, barnehagar og oppvekstsenter i juni måned.

2) Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å gjera mindre, ikkje-prinsipielle justeringar i reglementet ved behov

048/26: Fullmakt til signering av intensjonsavtale med Hjetlandsbakkane burettslag og mandat til kjøp av private andelar

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å signere intensjonsavtale mellom Høyanger kommune og Hjetlandsbakkane burettslag om vidare arbeid med etablering av bustader for menneske med nedsett funksjonsevne i Hjetlandsbakkane burettslag.

Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å nytte avsette investeringsmidlar til kjøp av inntil tre private andelar i Hjetlandsbakkane burettslag.

Samla økonomisk ramme for kjøp av dei tre andelane vert sett til kr 1,2 mill.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte forhandlingar og inngå avtalar innanfor den vedtekne økonomiske ramma.

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 32/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å signere intensjonsavtale mellom Høyanger kommune og Hjetlandsbakkane burettslag om vidare arbeid med etablering av bustader for menneske med nedsett funksjonsevne i Hjetlandsbakkane burettslag.

Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å nytte avsette investeringsmidlar til kjøp av inntil tre private andelar i Hjetlandsbakkane burettslag.

Samla økonomisk ramme for kjøp av dei tre andelane vert sett til kr 1,2 mill.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte forhandlingar og inngå avtalar innanfor den vedtekne økonomiske ramma.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: samrøystes vedteke

KS- 048/26 VEDTAK:

Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å signere intensjonsavtale mellom Høyanger kommune og Hjetlandsbakkane burettslag om vidare arbeid med etablering av bustader for menneske med nedsett funksjonsevne i Hjetlandsbakkane burettslag.

Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å nytte avsette investeringsmidlar til kjøp av inntil tre private andelar i Hjetlandsbakkane burettslag.

Samla økonomisk ramme for kjøp av dei tre andelane vert sett til kr 1,2 mill.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte forhandlingar og inngå avtalar innanfor den vedtekne økonomiske ramma.

049/26: Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger sentrum

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar bygg og eigedom, Steffen Luggenes, orienterte om bakgrunn for saka.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 014/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå Utval for samfunn: Samrøystes vedteke

FS- 33/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 049/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for leige av torgplass i Høyanger kommune» slik dei ligg føre.

050/26: Omklassifisering av vegar i Høyanger kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune fråskriv seg eigedoms- og vedlikehaldsansvaret for dei aktuelle omklassifiserte vegane som går fram av matrise og vedlegg i saka.
2. Kommunestyre vedtek at der det er fleire brukarar av vegen, bør det vurderast å opprette veglag.

Utval for samfunn 05.06.2026

Behandling:

Einingsleiar kommunalteknisk drift, Geir-Øyvind Hovlandsdal, orienterte om saka.

Heidi Beinnes stilte spørsmål om habilitet sin, sidan ho er grunneigar for vegstrekinga nr KV29, Tangenvegen til skytebana, i Vadheim.

Utval for samfunn vedtok samrøystes at Beinnes er ugild ved handsaming av denne vegstrekinga.

Avrøysting:

Det vart først røysta over kommunedirektøren si tilråding for vegstrekinga KV29:

Samrøystes vedteke (4 røyster)

(Beinnes gjekk frå som ugild under avrøystinga for denne vegstrekinga)

Resten av kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 013/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune fråskriv seg eigedoms- og vedlikehaldsansvaret for dei aktuelle omklassifiserte vegane som går fram av matrise og vedlegg i saka.
2. Kommunestyre vedtek at der det er fleire brukarar av vegen, bør det vurderast å opprette veglag.

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Einingsleiar kommunalteknisk drift, Geir-Øyvind Hovlandsdal, orienterte om saka.

Geir Helge Østerbø stilte spørsmål om habiliteten sin sidan han er grunneigar for vegstrekinga, på Sørebo.

Formannskapet vedtok samrøystes at Østerbø er inhabil kun ved handsaming av denne vegstrekinga, PV3067.

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Kommunestyret utset omklassifisering av KV1026, KV29, PV1427 og PV3004. Her skal det først føretakast ei nærmare vurdering av nytte og kostnad som grunnlag for avgjerd.

Geir Helge Østerbø (SP) sette fram endringsframlegg:

Kommunestyret vedtek at vegstrekinga KV3008, Mølmesdal, Lavikdal, får sommarvedlikehald.

Avrøysting

Det vart først røysta over framlegg frå Utval for samfunn, vegstrekinga Sørebo, PV3067: samrøystes vedteke (4 røyster)
(Østerbø gjekk frå som ugild under avrøystinga for denne vegstrekinga.)

Framlegg frå Østerbø: samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå Rysjedal: samrøystes vedteke

Resten av framlegg frå Utval for samfunn, pkt 1 og 2: samrøystes vedteke

FS- 34/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune fråskriv seg eigedoms- og vedlikehaldsansvaret for dei aktuelle omklassifiserte vegane som går fram av matrise og vedlegg i saka, med følgande endring:
 - Kommunestyret vedtek at vegstrekinga KV3008, Mølmesdal, Lavikdal, får sommarvedlikehald.
 - Kommunestyret utset omklassifisering av KV1026, KV29, PV1427 og PV3004. Her skal det først føretakast ei nærmare vurdering av nytte og kostnad som grunnlag for avgjerd.
2. Kommunestyre vedtek at der det er fleire brukarar av vegen, bør det vurderast å opprette veglag.

Kommunestyre 18.06.2026**Behandling:**

Fung. kommunedirektør Arnvid Hovland, ber om at saka blir utsett, med grunngjeving i at det kan vere gjort saksbehandlingsfeil.

Avrøysting

Felles framlegg -samrøystes vedteke:

Saka bli utsett.

KS- 050/26 VEDTAK:

Saka blir utsett.

051/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2025 for Høyanger kommune
2. Framført underskot i investeringsrekneskapen på kr 777 918,12 vert dekket ved ubudsjetterte avdrag på utlån av egne midlar.

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Økonomisjef, Kristian Ølmheim, orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 35/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2025 for Høyanger kommune
2. Framført underskot i investeringsrekneskapen på kr 777 918,12 vert dekket ved ubudsjetterte avdrag på utlån av egne midlar.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Økonomisjef Kristian Ølmheim, presenterte og orienterte om årsrekneskap og årsmeldinga 2025.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 051/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2025 for Høyanger kommune
2. Framført underskot i investeringsrekneskapen på kr 777 918,12 vert dekket ved ubudsjetterte avdrag på utlån av egne midlar.

052/26: Rapport 1.tertial 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek rapport 1.tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd"
3. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til investering slik det går fram av skjema "Status §5-5 første ledd og " Status §5-5 andre ledd"

Formannskap 09.06.2026

Behandling:

Økonomisjef, Kristian Ølmheim, orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 36/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret tek rapport 1.tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd"
3. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til investering slik det går fram av skjema "Status §5-5 første ledd og " Status §5-5 andre ledd"

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Økonomisjef Kristian Ølmheim, presenterte rapport for 1. tertial 2026.

Kristin S. Råsberg (AP) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Kommunestyret løyver 1 mill kr til vedlikehald av Byporten. Summen er basert på informasjon frå kommunedirektør i sak 042/26.

Finansiering ved tilsvarande bruk av disposisjonsfondet.

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå Råsberg: Samrøystes vedteke

KS- 052/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek rapport 1.tertial til vitande.
2. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til drift slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd"
3. Det vert føreteke budsjettendringar knytt til investering slik det går fram av skjema "Status §5-5 første ledd og " Status §5-5 andre ledd"

Kommunestyret løyver 1 mill kr til vedlikehald av Byporten. Summen er basert på informasjon frå kommunedirektør i sak 042/26.

Finansiering ved tilsvarande bruk av disposisjonsfondet.

053/26: Vedtak planprogram 2026-2029

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret gjer, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, vedtak om planprogrammet til kommunedelplan for idrett, kultur og fritid 2026–2029 slik den ligg føre.

Planutval 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FP- 013/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret gjer, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, vedtak om planprogrammet til kommunedelplan for idrett, kultur og fritid 2026–2029 slik den ligg føre.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå planutval: Samrøystes vedteke

KS- 053/26 VEDTAK:

Kommunestyret gjer, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, vedtak om planprogrammet til kommunedelplan for idrett, kultur og fritid 2026–2029 slik den ligg føre.

054/26: Høyringsvar - Framlegg til endring i vallova, krinsvis opptelling av førehandsstemmer

Kommunedirektøren si tilråding:

Høyanger kommune støttar ikkje framlegg om endring i vallova, i hovudsak knytta til opptelling av førehandsstemmer for kvar krins. Framlegget vil svekke prinsippet om hemmeleg val, auke risikoen for feil, gjere rutinane unødige kompliserte og føre til ei vesentleg auke i ressursbruken utan at dette styrkar kvaliteten på valgjennomføringa.

Høyanger kommune vil trekke fram:

Hemmeleg valg

Prinsippet om hemmeleg val står sentralt i det norske demokratiet. I mindre stemmekrinsar er mengda førehandsstemmer ofte svært låg. Dersom førehandsstemmene skal tellast opp for kvar krins, vil det i praksis vere mogleg å identifisere kva den einskilde velgar har stemt. Dette utgjer ein risiko for brot på retten til hemmeleg val.

Auka risiko for avvik

Ved å splitte tellinga av førehandsstemmer opp i mindre einingar over fleire krinsar, aukar det talet på manuelle og tekniske ledd i prosessen. Fleire tellegrupper og fleire fysiske flyttingar av stemmesetlar aukar risikoen for menneskelege feil, og avvik i protokollar.

Komplekse rutinar

Dagens ordning med samla opptelling av førehandsstemmer sikrar ein oversiktleg og standardisert struktur. Å innføre opptelling for kvar krins vil det kreve langt meir samansette rutinar for mottak, sortering, distribusjon og kontroll. Dette gjer valavviklinga sårbar, særleg for mindre kommunar med avgrensa administrativ kapasitet.

Auka ressursbruk

Endringane vil kreve vesentleg meir personell både under sjølve valdagen og i dagane før og etter. Kommunen må sette av fleire arbeidstimar til opplæring, logistikk og loggføring. Dette vil føre til auka økonomiske og administrative kostnader for kommunen, utan at det gir ein klar vinst for velgarane.

Tillit til valgjennomføringa

Høg tillit til valsysteemet heng nøye saman med at valgjennomføringa er føreseieleg, trygg og robust. Komplekse rutinar og auka risiko for feil eller brot på prinsippet om hemmeleg val kan svekke tilliten innbyggjarane har til valgjennomføringa i dag. Tryggleik og nøyaktigheit må difor prioriterast føre krinsvise resultat.

Kommunestyre 18.06.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

KS- 054/26 VEDTAK:

Høyanger kommune støttar ikkje framlegg om endring i vallova, i hovudsak knytta til opptelling av førehandsstemmer for kvar krins. Framlegget vil svekke prinsippet om hemmeleg val, auke risikoen for feil, gjere rutinane unødige kompliserte og føre til ei vesentleg auke i ressursbruken utan at dette styrkar kvaliteten på valgjennomføringa.

Høyanger kommune vil trekke fram:

Hemmeleg valg

Prinsippet om hemmeleg val står sentralt i det norske demokratiet. I mindre stemmekrinsar er mengda førehandsstemmer ofte svært låg. Dersom førehandsstemmene skal tellast opp for kvar krins, vil det i praksis vere mogleg å identifisere kva den einskilde velgar har stemt. Dette utgjer ein risiko for brot på retten til hemmeleg val.

Auka risiko for avvik

Ved å splitte tellinga av førehandsstemmer opp i mindre einingar over fleire krinsar, aukar det talet på manuelle og tekniske ledd i prosessen. Fleire tellegrupper og fleire fysiske flyttingar av stemmesetlar aukar risikoen for menneskelege feil, og avvik i protokollar.

Komplekse rutinar

Dagens ordning med samla opptelling av førehandsstemmer sikrar ein oversiktleg og standardisert struktur. Å innføre opptelling for kvar krins vil det kreve langt meir samansette rutinar for mottak, sortering, distribusjon og kontroll. Dette gjer valavviklinga sårbar, særleg for mindre kommunar med avgrensa administrativ kapasitet.

Auka ressursbruk

Endringane vil kreve vesentleg meir personell både under sjølve valdagen og i dagane før og etter. Kommunen må sette av fleire arbeidstimar til opplæring, logistikk og logging. Dette vil føre til auka økonomiske og administrative kostnader for kommunen, utan at det gir ein klar vinst for velgarane.

Tillit til valg gjennomføringa

Høg tillit til valsystemet heng nøye saman med at valg gjennomføringa er føreseieleg, trygg og robust. Komplekse rutinar og auka risiko for feil eller brot på prinsippet om hemmeleg val kan svekke tilliten innbyggjarane har til valg gjennomføringa i dag. Tryggleik og nøyaktigheit må difor prioriterast føre krinsvise resultat.